


Lokal forskrift om
feiing og tilsyn med fyringsanlegg,
samt regulering av
feiegebyr
for

Høyanger kommune



Med verknad frå: (Forskrifta tek til å gjelde frå vedtaksdato).

Gjeld for Høyanger kommune

Heimel: 1 LOV-2002-06-14-20, FOR-2015-12-17

Heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven), og forskrift 17. desember 2015 om brannforebygging.

§ 1.Føremål

Forskrifta har som føremål å regulere gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg, slik at sjansen for at brann skal oppstå i fyringsanlegg og røykløp, vert redusert så mykje som mogleg.

Forskrifta skal regulere gebyrordninga for feiing og tilsyn til kommunane som er med i samarbeidet, samt tilleggstenester innan brannførebygging.

§ 2.Virkeområde

Den lokale forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle fyringsanlegg for brannobjekt i Høyanger kommune.

§ 3.Definisjonar

1. Brannobjekt: bustader, fritidsbustader, verksemd, konstruksjonar, anlegg m.m. der brann kan oppstå og true liv, helse og materielle verdiar.
2. Brukar: den som i eigenskap av eigar, eller i høve avtale med eigar har bruksrett og nyttar seg av denne retten.
3. Eigar: den som har grunnboksheimel til eit brannobjekt.
4. Feiing: reingjering av røykkanalar og uttak av sot.
5. Fyringsanlegg: omn, sentralvarmekjele eller varmluftkjele, der varme skal verte produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusiv røykkanal og matesystem for brensel.
6. Matesystem: anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel.
7. Røykkanal: kanal for transport av røykgassar til friluft, røykrøyr og skorstein.
8. Skorstein: vertikal del av fyringsanlegget, og kan innehalde fleire røykkanalar.
9. Tilsyn: kontroll med at fyringsanlegget er intakt, fungerer som føresett og er tilfredsstillande sikra mot brann og anna skade. Feiar/tilsynsperson kan også få oppgåver som å kontrollere at det i brannobjektet er deteksjon (røykvarslar), sløkkeutstyr og tilfredsstillande moglegheit for rømning ved brann.

§ 4. Mengda av feiing

Feiing skal verte utført så ofte som naudsynt for å hindre brann eller andre skader. I utgangspunktet skal det enkelte fyringsanlegg verte vurdert med omsyn til kor hyppig det er naudsynt å feie.

Brannførebygger/feiar bestemmer kor ofte feiing skal gjennomførast, på grunnlag av erfaring frå tidlegare gjennomført feiing, tilstand til fyringsanlegget, omfang og art. Brannførebygger/feiar set på bakgrunn av dette opp ein rullerande plan for gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn.

§ 4-1. Bustader

Brannførebyggjar/feiar bestemmer kor ofte feiing skal verte gjennomført, basert på tilstand til fyringsanlegget på eigedommen, omfang og art. Feiinga skal verte utført ved behov.

§ 4-2. Fritidsbustader og hytter

Ein legg opp til at denne tenesta ikkje skal gjelde for bygningar relatert til stadbunden næring i utmark (stølar, skogskoier, jaktbuer med vidare) som ligg lenger enn 500 m frå veg.

Brannførebyggjar/feiar bestemmer kor ofte feiing skal verte gjennomført, basert på tilstand til fyringsanlegget på eigedommen, omfang og art.

Ein legg opp til at ein kan gjennomføra både feiing og tilsyn av fritidsbustader på same dag.

§ 5. Mengda av tilsyn

Tilsyn med fyringsanlegg skal verte utført etter behov. Kommunen skal utføre tilsyn i fyringsanlegg i fritidsbustader og hytter etter plan utarbeidd av brannførebyggjar/feiar. Kommunen varslar eigar før planlagt gjennomføring av tilsyn.

§ 6. Varsling

Eigar eller representant for eigar av fyringsanlegg skal varslast skriftleg eller elektronisk med dato for gjennomføring av feiing, og kan verte pålagt å varsle andre brukarar av vedkomande bygg.

Feiing vert varsla seinast 2-14 dagar før, slik at eigar eller representant for eigar kan legge forholda til rette for at feiing kan verte gjennomført.

Tilsyn skal verte varsla til eigar eller den som representerer eigar med dato seinast 2 - 14 dagar før, slik at eigar eller representanten får tid til å førebu seg på å vere til stades under tilsynet.

Førebels tek ein ikkje høgde for å gje gebyr for manglande oppmøte frå huseigar, der feiar må gjere ny avtale for feiing/tilsyn, men om dette vert ei utfordring vil ein måtte legge inn gebyr for ny avtale/oppmøte. Dette for å dekke ekstrakostnadane ein slik ekstratur vil medføre.

§ 7. Feie- og tilsynsgebyr

Gebyret vert fastsett av kommunestyret. Årleg gebyr dekker drift av feiarvesenet, blant anna gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Ut frå dette er det innført eit gebyrsystem der alle som har pipe/eldstad betaler eit fast administrasjonsgebyr pr. år. I tillegg vil det bli fakturert kostnad for utført feiing og for utført tilsyn (prisane er inkl. mva.).

Eigedomar med fleire røykløp får eit tilleggsgjebyr for kvart ekstra røykløp. Det skal vere gjebyr for alle bustad/bygg som har ein eller fleire fast tilknytt eldstader, uavhengig av regelmessig bruk eller ikkje.

For bustader/bygg som har gassfyrte fyringsanlegg skal det vere eit redusert gjebyr som dekker tilsyn.

Gjebret vert sett likt for kvar bustad/bygg. Gjebyrplikta er ikkje knytt til tidspunktet for når den enkelte feiinga eller tilsynet er gjennomført, men gjeld for heile feieperioden, uansett når i feieperioden feiinga finn stad.

Gjebyr kan krevjast inn sjølv om feiing og tilsyn ikkje er utført i følgjande tilfelle:

- Brannførebyggjar/feiar finn ved inspeksjon av røykkanalar at feiing ikkje er naudsynt
- Brannførebyggjar/feiar finn etter at det er varsla feiing eller tilsyn at han/ho ikkje får tilfredsstillande tilgang til fyringsanlegget

Kommunen har etablert ei ordning med periodevis innkrevjing, t.d. årleg eller terminvise betalningar og at lovbestemt feiing vert utført etter ein rullerande plan.

§ 8. Gjebyrfritak

Kommunen kan etter søknad gjeve fritak frå å betale gjebyr i følgjande tilfelle:

1. Bustaden har ikkje installert eldstad
2. Fyringsanlegget er fråkopla, og skorsteinen er blenda.

Før fritak vert gjeven, skal feiar ha ført tilsyn med at fråkoplinga av fyringsanlegg og blending av skorstein er utført tilfredsstillande.

Huseigar plikter å melde frå til kommunen dersom fyringsanlegg/eldestad vert installert eller gjort vesentlege endringar, vert tilkopla igjen eller blending av skorstein skal fjernast. Om huseigar/brukar let vere å melde installasjon/tilkopling av eldstad/fyringsanlegg eller fjerning av blending, kan kommunen krevje feiegjebyr etterbetalt frå det tidspunktet fritaket vart gitt.

§ 9. Andre tenester

Eigar og brukar av fyringsanlegg som ønskjer frivillig feiing eller tilsyn utanom lovpålagt feiing eller tilsyn, 2. gongs fjerning av beksot, filming av røykløp og liknande, må sjølv ta kontakt med brannførebyggjar/feiar og avtale dette. Dette vert utført mot eige gjebyr.

§ 10. Plikter hjå huseigar og brukar

Det er eigar sitt ansvar å halde fyringsanlegget i orden til ei kvar tid. Eigar skal, etter varsel om feiing, syte for at heile fyringsanlegget er tilgjengeleg for feiing, samt utstyrt og innretta slik at feiing kan verte utført på ein tilfredsstillande måte.

Eigar er pliktig å syte for at eigna stige er lagt fram og tilgjengeleg for feiar i nærleiken av takstige/trinn, som eit signal på at det er klart for feiing. Tilkomst til tak skal vere sikra mot utgliding.

Takstige eller trinn skal vere typegodkjent. Desse skal vere festa til tak i samsvar med monteringsrettleiing.

Der feiing ikkje skjer frå tak, skal eigar/representant syte for at feiaren har tilfredsstillande tilkomst til røykløp.

Eigar/representant skal syte for tilfredsstillande tilkomst til sotluke eller tilsvarande egna innretning for sotuttak. Ved innvending tilkomst for feiing skal eigar/representant vere til stades under feiing.

§ 11. Plikter hjå feiaren

Feiinga skal verte utført på ein fagleg tilfredsstillande måte med minst mogleg ulempe for bebruarane. Etter avslutta feiing skal feiaren syte for at sot vert fjerna, enten av feiaren sjølv eller av byggeigar/brukar, og frakta til eigna stad.

Brannførebyggjar/feiar skal under feiing og tilsyn vurdere tilhøve ved fyringsanlegget som kan ha følge for brannsikkerheita eller tilkomsten. Ved avvik som ikkje kan vert retta på staden skal feiaren gje skriftleg tilbakemelding om tilhøvet til byggeigaren, eller representant for eigaren. Denne skal innehalde ein frist for retting eller tilbakemelding om når retting vert utført. Dersom rettinga ikkje vert gjennomført skal tilsynsmyndet gjeve pålegg.

§ 12. Handheving og sanksjonar

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal verte utført i samsvar med forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannførebygging § 6 og § 17, samt heimlar i brann- og eksplosjonsvernlova.

§ 13. Klage

Vedtak gjort av lokalt tilsynsmynde i medhald av denne forskrifta kan klagast etter brann- og eksplosjonsvernlova § 41, andre ledd. Klagen skal framsetjast skriftleg til Høyanger kommune ved brannsjefen. Sakshandsaminga ved klager følger avgjerd i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova, samt lov om sakshandsaming i forvaltningssaker (forvaltningslova) og reglement for delegering av mynde i Høyanger kommune.

§ 14. Forskrifta trer i kraft

Forskrifta tek til å gjelde frå vedtaksdato.

Vedteke av kommunestyret i Høyanger

Sak:

Dato:

Sign.